

Doktor Haugen slik du minnest han 21.

30.12.2014



**Uhell under vinleggjing.**

**Det er mange historiar om då dr. Haugen behandla sårskadar. Som regel er det kommentarane hans som gjer historiane.**

Dagens historie har utgangspunkt i eit uhell som skjedde under vinleggjing i sentrale deler av bygda, nærare bestemt på Neset. På den tida vart det sjølvsagt brukt skikkelege glasballongar til å ha vinen på. No hadde det seg slik at halsen på vinballongen dessverre sprakk, og vinleggjaren var uheldig og fekk skore eit djupt kutt mellom tommeltott og peikefinger.

Her måtte det syast, og det bar av stad til doktoren. Han stilte sjølvsagt opp, men syinga måtte jo skje utan bedøving, - og med dei smerter det innebar!

Rett nok hadde han følgjande beroligande kommentar:

- Dette går fint, men er ikke noe søtt.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003